

OGNA SOKNERÅD ÅRSMELDING 2025

// INNKALLING TIL KYRKJELYDSMØTE 22. MARS 2026

VISJON FOR OGNA SOKN:

MED JESUS UT I KVARDAGEN.

EI VEDKJENNANDE, MISJONERANDE,

TENANDE OG OPEN FOLKEKYRKJE.



DEN NORSKE KYRKJA
Ogna sokn

Innhald

Ogna sokneråd 2025.....	3
Representantar Hå kyrkjelege fellesråd:	3
Hovudoppgåver:	3
Saker	4
Gudstenester og kyrkjelege handlingar	4
Diverse hendingar gjennom året:.....	4
Samarbeidsavtaler om misjon med Normisjon og Israelsmisjonen held fram:	5
Takkoffer	5
Offer til andre organisasjoner	5
Innsamla til eige arbeid	6
Innsamla til eige arbeid går med til å dekkja.....	6
Tilsette	6
Medlemsoversikt 2025	7
Årsmelding 2025: Gudstenesteutvalet i Ogna sokn	8
Årsmelding 2025: Trusopplæringsutvalet i Ogna sokn	9
Årsmelding 2025: Diakoniutvalet i Ogna sokn	10
Fast Gjevarteneste – ver med og ber arbeidet vidare.....	11
Innkalling til kyrkjelydsmøte / Årsmøte	12
Saksliste:	12

Ogna sokneråd 2025

Liv Lende Olsen – leiar

Liv Blindheim – nestleiar

Ivar Jaarvik

Aslaug Oltedal

Laila Arnesen – 1. vara

Otto Mæland – 2. vara

Jonas Sveinsvoll – 3. vara

Palle Gunnar Haarr (prestevikar fram til 5. mai)

Lars Brakstad Kjosavik (prestevikar frå 1. august)

Kell Krogh Jacobsen (daglig leder)

Representantar Hå kyrkjelege fellesråd:

Liv Lende Olsen

Ivar Jaarvik

Hovudoppgåver:

«Soknerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Soknerådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.» (Kirkeordning for Den norske kirke § 12)

Saker

I tillegg til vanlege administrative saker har soknerådet m.a. arbeid med desse sakene:

- Overføring av regnskabsmessige fond/aktiver for Stokkalandsmarka til Varhaug sokn
- Vurdering av ny gudstenesteforordning i Ognå sokn
- Gudstenesteplan og offerliste
- Årsmelding 2024
- Regnskap 2024
- Årsmøte i Ognå sokn 6. april 2025
- Utlysningstekst prestevikarstilling i Ognå sokn
- Revisjonsberetning Ognå sokn 2024
- Kjøp av ny PC til bruk i kirken for easyworship m.m.
- Markering av 30 års jubileum for vigsling av Ognå kyrkje
- Ung-vaksen arbeid i Ognå
- Jubileumsbok om Ognå kyrkje
- TV aksjon 2025
- Flagheis ved Ognå kirke
- Kirkelig undervisning og læring - Utdeling av sau etter 4. års bok
- Høring om justering av prostigrenser i Stavanger Bispedømme
- Høring om kirkevalgreglene m.m.
- Budsjett 2026
- Behov for vidare engasjement i kyrkja etter endt konfirmasjonstid
- Konstituering av sokneråd

Soknerådet har hatt 7 møte og 41 saker er handsama.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Døyppte:	32	32	28	25	26	18	23	18	22	13	32	12	19
Konfirmerte	20	26	22	23	18	17	17	21	27	27	15	11	17
Vigde:	8	10	10	6	1	5	3	7	6	5	8	5	3
Gravferder:	9	16	6	13	15	17	14	14	12	18	13	27	16
Gudstenester (sun- og heilagdagrar):	62	56	54	55	51	52	56	44	25	50	61	31	31
Avlyste gudstenester								21	21	0	0	7	0
Familiegudstenester	6	15	12	14	18	2	4	14	14	3	13	2	3
Gudstenestedeltakarar	4154	3970	3776	4090	3920	3924	4514	2210	2107	3103	3634	2179	2697
Nattverdgjester:	1071	789	1148	1227	1280	1275	1425	855	335	827	1108	915	896
Gjennomsnitt pr. gudsteneste:	63	70	69	74	71	75	80	50	54	62	46	70	87
Innmelde	-	-	0	1	1	4	5	2	3	5	1	4	5
Utmelde	-	-	5	48	25	19	14	11	9	8	17	14	8

Diverse hendingar gjennom året:

- Andaktar på Olsvoll bu- og velferdssenter ved jamne mellomrom.

- Åremålsbesøk ved kvart 5. år frå fylte 80 år
- Babysong – «Gynge lite grann»
- 4- åringane har fått barnebibel.
- Samtalar og vitjing i heimane
- Lys Vaken
- Konfirmantane har fått Bibel og har vore med i anna konfirmantarbeid

Samarbeidsavtaler om misjon med Normisjon og Israelsmisjonen held fram:

Ogna kyrkjelyd

- Gir fire offer i året til Normisjon sitt arbeid.
- Gir to offer i året til Israelsmisjonen
- Gir fire offer i året til Gisma stasjon, Etiopia
- Gir to offer i året til Kirkens SOS

Som resultat av overgang til halv forordning blir antall ganger med fast offer til samarbeidspartnere justert ned med en søndag frå og med 2026, og frå 2027 justeres Normisjon og Gisma stasjon ned til to offer i året.

Takkoffer

Takkoffer	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Til eige arbeid:	95.292	83.470	112.026	66.877	89.914	25.649	49.862	54.465	47.355	37.440	40.619
Andre org:	92.183	57.146	64.670	57.705	89.320	66.372	77.522	101.543	115.322	95.222	108.043
Takkoffer totalt:	187.475	140.616	176.696	124.582	179.234	92.021	127.384	156.008	162.677	132.662	148.662

Offer til andre organisasjoner

Organisasjon	Antall	Beløp
Normisjon	4	21.046,00
Gisma stasjon	4	36.440,00
Den norske israelsmisjon	1	11.101,00
Det norske bibelselskap	1	3.200,00
Kirkens SOS	2	8.740,00
Det Norske Misjonsselskap	2	12.850,00
Sjømannskyrkja	1	3.300,00
Kirkens Nødhjelp	2	11.366,00
		108.043,00

Innsamla til eige arbeid

Eige arbeid	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Takkoffer til eige arbeid:	95.292	83.470	112.026	66.877	89.914	25.649	49.862	54.465	47.355	37.440	40.619
Gåver/gjevarteneste	9.000	13.350	23.629	41.400	59.800	24.196	6.600	55.950	63.800	62.110	74.405
Til eige arbeid	104.292	96.820	135.655	108.277	149.714	49.845	56.462	110.015	111.155	99.550	115.024

Innsamla til eige arbeid går med til å dekkja

- Lønn til diakonimedarbeider
- Bøker til 4- og 6- åringar
- Biblar til nygifte
- Dåpsklud og fadderhelsinger
- Blomehelsing (80 – 85 - 90 år og 90 +)
- Blomar til kyrkja
- Mat til ymse tilstellingar
- Kyrkjekaffi
- Utstyr til babysong

Tilsette

Vikarprest Palle Gunnar Haarr (50% stilling fram til 5. mai 2025)
Vikarprest Lars Brakstad Kjosavik (100% stilling frå 1. august 2025)
Organist Geir Palle Haarr (30 % stilling)
Daglig leiar Kell Krogh Jacobsen (30% stilling)
Vikar kyrkjelydspedagog Marie Veggeland (30% stilling våren 2025)
Vikar kyrkjelydspedagog Kathrine Håland Varhaug (20% stilling høsten 2025)
Kateket Siri Aarsland (20 % stilling)
Kyrkjetenar Arnstein Friestad (timelønnet)

Kyrkjegardsarbeidar Ole Morten Stokland (100 % stilling) – heile Hå
Diakonimedarbeider Kjersti Olimb Salte (100% stilling) – heile Hå
Kyrkjeverge Svein Olav Nesse (100% stilling) – heile Hå


Gravferder og bryllaup organiseres fra Hå Kyrkjekontor.

Tilsette i Ogn sokn gjer ein flott innsats for arbeidet i soknet, og soknerådet vil retta ein stor takk til alle tilsette.

Soknerådet er svært takksam for alle som er med i frivillig arbeid i soknet. Mykje dugnadsinnsats vert gjort på mange ulike arenaer –både sundagar og i vekene - for born, vaksne og eldre, i bøn og gjennom aktiv deltaking i aktivitetar og utval.

Tusen takk for alle krefter som vert brukte i arbeidet!

Medlemsoversikt 2025



Pr. 31.12	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Medlemmer	2.135	2.137	2.141	2.137	2.170	2.200	2.216	2.262	2.252	2.255	2.251
Tilhørige	59	63	63	68	62	58	0	0	0	0	0
Sum	2.194	2.200	2.204	2.205	2.232	2.258	2.216	2.262	2.252	2.255	2.251

Årsmelding 2025: Gudstenesteutvalet i Ognå sokn

Gudstenesteutvalet i Ognå sokn har i 2025 vore sett saman av medlemer frå soknerådet, leiarar for gudstenestegruppene og tilsette. Desse har vore Laila Arnesen, Liv Blindheim, Venke Nygaard Abrahamsen, Ivar Jaarvik, Sven Austbø, Geir Palle Haarr (organist) og Palle Gunnar Haarr/Lars Brakstad Kjosavik (prest).

Gudstenesteutvalet har hatt eitt møte i 2025.

Gudstenestegrupper i Ognå kyrkje ultimo 2025:

Gruppe 1:	Gruppe 2:	Gruppe 3:
Laila Arnesen Kjell Gunnar Arnesen Ivar Jaarvik Ragnhild Friestad Ove Friestad Kirsten Stokkeland	Liv Blindheim Svein Olav Blindheim Andreas Løge Synnøve Løge Solfrid Bergersen	Sven Austbø Oddny Søyland Marit Herredsvela Målfrid Fikstvedt

Utvalet vil retta ei stor takk til dykk som gjennom året har delteke i gudstenestegruppene, og til alle som på ulikt vis er med i arbeidet kring gudstenestene i soknet

Ognå, 25.02.2026

Kell Krogh Jacobsen

Årsmelding 2025: Trusopplæringsutvalet i Oгна sokn

Desse har vore med i utvalet: Aslaug Oltedal, Solveig Høyland (sjukmeld/permisjon) Alfred Maudal Paulsen (sjukmeld/permisjon) og Liv Blindheim.

Både trusopplærar og sokneprest har vore sjukmelde/ i permisjon heile 2025. Derfor har Trusopplæringsutvalet ikkje hatt møte dette året. Det som har vore naudsynt å bestemma, har vorte bestemt på soknerådsmøta. Der er både Aslaug, Liv og prest representerte.

I desember 2024 sa Marie Veggeland seg viljug til å vera vikar for trusopplæraren i Oгна. Ho var derfor ansvarleg saman med Liv for å gjennomføra dåpsskulen vinteren 2025.

Vi starta med 15 påmelde og auka til 19 og hadde den første samlinga den 4. mars. Vi hadde tre samlingar og avslutningsgudsteneste.

Også i 2025 hadde Palle Gunnar Haarr og Siri Årslund ansvar for konfirmantane, og konfirmasjonsdagane var 3. og 4. mai.

Frå august var Lars Brakstad Kjosavik tilsett som vikar for soknepresten, og han var med på samlinga med 7 fireåringar som fekk Barnebibelen på gudsteneste 21. september. Som vikar for trusopplærar var Ingeborg Løge Hølland.

Diakonimedarbeidar Kjersti Olimb Salte sa seg viljug til å vera vikar for trusopplærar på Lys Vaken dette året. Lars Brakstad Kjosavik, Liv Lende Olsen og Liv Blindheim samla 8 barn laurdag ettermiddag den 29. november. Vi overnatta og deltok på gudsteneste 1. sundag i advent.

Baby-/småbarnsang «Gynge littegrann» har også fungert måndag i oddetalsveker. Kathrine Håland Varhaug er ansvarleg.

Vi vil takka alle som har vore viljuge til å vera vikarar der det har vore behov for det, elles hadde det ikkje vore mogeleg å gjennomføra dei faste tiltaka til Trusopplæringsutvalet. – Mange takk også til deg som støttat trusopplæringsarbeidet økonomisk, praktisk og ikkje minst i forbønn! Alt arbeid for born og ungdom er særskilt viktig!

Sirevåg 18. februar 2026

For Trusopplæringsutvalet

Liv Blindheim

Årsmelding 2025: Diakoniutvalet i Oгна sokn

Diakoniutvalet har i 2025 vore samansett slik: Ståle Berland, Kirsten Stokkeland, Judith Marie Taarland, Venke Nygård Abrahamsen (halve året), Synnøve Løge og Laila Arnesen som var representant frå soknerådet og diakoniarbeidar. Utvalet har hatt 2 møter og arbeidet med desse sakene:

Åremålsbesøk

Marit Herredsvella, Venke og Ben Eivind Nygård Abrahamsen har gått til 80 og 85 års-jubilantane. Diakoniarbeidaren har gått på besøk til dei som er 90 år og eldre. Mange fekk besøk og sette stor pris på det.

Fasteaksjonen 8.april

Tema var det same som året før «Håp i en dråpe vann» og midla gjekk til jordbruk og vatningssystem. Det var 16 konformantar. Palle Gunnar Haarr var med og nokon frå diakoniutvalet.

Pinseblomster på Olsvoll 6.juni

Elevar i 5.trinn på Oгна skule delte ut roser og hadde opptrinn for dei gamle på Olsvoll.

Diakoniens dag 19. oktober

Lars Brakstad Kjosavik hadde gudstenesta og diakoniarbeidaren talte om kva orda våre betyr og om Guds Ord. Diakoniutvalet deltok med ulike oppgåver.

Allehelgensdag 2. november

Diakoniutvalet deltok med tekstlesing og lystenning. Det var flott song og musikk med Marie Veggeland som song og Rune Grinde Pedersen på harpegitar. Det kom en del færre enn året før.

Anna diakonalt arbeid i kyrkjelyden

Andaktar på Olsvoll ble gjennomført. Pilegrimsvandringar, KIA, Onsdagskaffien og tilrettelagt gudsteneste er felles for heile Hå og ble gjennomført. Det var og tilbod om å delta i ulike sorggrupper. Støttegrupper for barn er lagt ned på Jæren. Sorggruppene er eit samarbeid mellom diakonar på Jæren, Sola og Sandnes

For diakoniutvalet

Kjersti Olimb Salte
diakoniarbeidar

Fast Gjevarteneste – ver med og ber arbeidet vidare

Kyrkjelyden i Ogna er ein levande og viktig møteplass i bygda vår. Gjennom året vert det lagt ned mykje arbeid for at born, unge, vaksne og eldre skal få oppleva fellesskap, tru, omsorg og tilhøyrslø. Gudstenester, trusopplæring, diakonalt arbeid, babysong, kyrkjekaffi og ulike samlingar skaper rom for både glede og alvor – for livets store høgder og dei stille stundene.

Det aller meste av dette arbeidet er gratis å delta i. Difor er vi heilt avhengige av økonomisk støtte frå kyrkjelyden. Når du gir, er du med og tek ansvar for at arbeidet kan halda fram og utviklast vidare.

Gåver til kyrkjelyden sitt eige arbeid går konkret til mellom anna løn til diakonimedarbeidar, bøker til 4- og 6-åringar, biblar til nygifte, dåpsklutar og fadderhelsingar. Midlane vert òg nytta til blomeshelsingar ved 80-, 85-, 90-årsdagar og vidare, blomar til kyrkja, mat til ulike samlingar, kyrkjekaffi og utstyr til babysong. Dette er kanskje enkle tiltak kvar for seg, men til saman er dei med og skaper varme, nærleik og fellesskap i lokalsamfunnet.

Fast gjevarteneste er særleg verdifull. Når fleire gir eit fast beløp kvar månad, gir det soknerådet føreseielege rammer og høve til å planleggja arbeidet på ein ansvarleg og langsiktig måte. Det gjer det mogleg å prioritera, utvikla og halda oppe tilbod som betyr mykje for mange. Små summar betyr mykje når mange er med.

Alle faste gåver vert rapporterte til Skatteetaten og gir rett til frådrag etter gjeldande reglar. Det betyr at gåva i praksis kostar mindre enn beløpet du gir.

*Vi ønskjer å invitera deg til å vera med i gjevartenesta. Du kan enkelt oppretta eit fast trekk i nettbanken til konto **3335.31.62425**. Du vel sjølv beløpet – kvar krone tel.*

Saman kan vi bera kyrkjelyden vidare og sikra at han framleis er ein open, varm og levande fellesskap i bygda vår.

Tusen takk til alle som alt er med og støttar kyrkjelydsarbeidet – anten gjennom takkoffer, fast gjevarteneste eller andre gåver.

Velkomen som gjevar!

Innkalling til kyrkjelydsmøte / Årsmøte

Kyrkjelydsmøte/årsmøte for Oga sokn blir søndag 22. mars rett etter gudstenesta.

Saksliste:

- Oppnevning av to personer som protokollunderskrivere.
- Årsmelding

Andre saker må være meldt til dagleg leiar på e-post: kj562@kyrkja.no innan mandag 16. mars 2026.

Oga sokneråd vil takka alle bidragsytarar til kyrkjefellesskapet vårt,

alt engasjement, forbøn og gjevarglede!

De er limet i kyrkja vår og ei viktig brikke i visjonen vår.

- Guds signing i kvardagen –

Liv Lende Olsen

Soknerådsleiar

Kell Krogh Jacobsen

Dagleg leiar